



**SYGNA VGS**

*For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukke tankar. Eg vil gje dykk framtid og von.*

*Jer 29,11*

## Rektorhelsing

Frode Bøthun (konstituert)



Bladet kjem ut 2 gonger i året.

Ansv. red.: Gunn Berit Bøthun  
Redaksjonen: Lin Åm, Helge Eilifsen,  
John Martin Høines og Bjørg Aase.

### Abonnementet er gratis.

Bladet kan tingast ved å ta kontakt med skulen.

Bankgiro: 8220 02 90395  
E-post: [sygna@sygna.vgs.no](mailto:sygna@sygna.vgs.no)  
[www.sygna.vgs.no](http://www.sygna.vgs.no)

Forsidebilette:  
Russen 2017 (Foto: Reed foto)

# Meir enn berre ein skule og arbeidsplass

Første april i år starta Joakim Hector i ny jobb som rektor nær heimstaden sin i Sverige. Fram til første august er underteikna konstituert rektor. Styret for Sygna arbeider med å finne ny rektor til Sygna, men om det ikkje let seg gjere innan første august, vert det ei løysing med konstituert rektor. For eitt år sidan skreiv Joakim i denne spalta om korleis skulen endrar seg med at nye menneske får vere med og prege den. Sjølv har han prega skulen gjennom seks og eit halvt år – og vi takkar han for den store innsatsen han har gjort for skulen. Ut over rektorbytte ser det ikkje ut til å bli store endringar i personalsituasjonen. Vi er glade for å ha tilsett realist Ellen Smenes. Ho er tidlegare Sygna-elev og er tilbake som lærar i matematikk og fysikk frå hausten. Ein stor milepæl denne våren er at Ole Johan Olsen går av med pensjon. Avgangen hans markerer eit «før» og eit «etter». Ole Johan har arbeidssom driftsleiar og vaktmeister på Sygna frå før skulen var i gang og har vore



med og bygd opp skulen til det den er i dag. Han er viktig for skulen fordi han er ein dyktig fagmann, men kanskje endå meir på grunn av den lune personlegdomen og den trufaste og uthaldande haldninga han har- og har hatt til arbeidsplassen sin. Dette er sjølvstilt viktig: Sygna er meir enn berre ein skule for elevane fordi det er meir enn berre ein arbeidsplass for dei tilsette. Utan ei slik haldning, både hjå elev-ar og tilsette, ville ikkje Sygna vere mogeleg.

# Sygnahelger – Sygnas kinderegg

**Kinderegget er kjent for å samle tre gode ting i en. Sygnahelgene kan sammenlignes med slike kinderegg. For det første er Sygnahelgene viktige for skolen. Det er en god arena til å reklamere for skolen for fremtidige elever, man møter foreldre og besteforeldre, samler inn penger, og skaffer forbedere.**

- Tekst: KAO
- Foto: ME

For det andre er Sygnahelgene viktige for elevene våre. Man lærer hverandre å kjenne på en spesiell måte, man får utprøve og bruke sine nådegaver, og man får oppleve en «frisone» utenfor skolen.

For det tredje er Sygnahelgene viktige for de vi besøker. Flere av elevene våre forteller om at de fikk høre om Sygna på Sygnahelg. I år kunne også den ene gruppen fortelle om at flere ville ta imot Jesus på det ene ungdomsmøte i Nord-Hordaland. På denne måten kan faktisk en Sygnahelg forandre liv.

I skoleåret 2016/2017 har personalet sammen med elever reist på Sygnahelger til Nord-Trøndelag, Østfold, Nord-Hordaland og Rogaland.



*Sigve Giskegjerde, Kristine Heldal og Silje Andersen er klar for rekruttere nye medelevar til neste år.*

Det ble på forhånd gjort avtaler med skoler og bedehus. Takk til alle som har tatt så godt imot oss og lagt til rette på alle måter, det setter vi stor pris på. Vi planlegger nye Sygnahelger

også neste skoleår. Har du noen tanker om steder vi bør besøke, så ta gjerne kontakt med ungdomsleder Kurt Ohma (kao@sygna.vgs.no).

# Hej då, rektor Hector!

**Etter å ha lånt Joakim, Regina og barna i seks år er det tid for å seie hej då, og gi slepp på dei når dei nå vel å flytte tilbake til Sverige. Det er Glimåkra folkehøgskule i Skåne som får gleder av å ha Joakim som rektor framover. Med seg til Sverige tek han nye erfaringar, både som rektor og familiefar. Medan han og kona Regina har vore her har familien auka med to barn, Valter og Sigrid. Det var bare eldstemann Ruben som var med på flyttelasset frå Sverige.**

- Tekst: GBB
- Foto: GBB/Hector

I avslutningstalen til personalet drog Joakim fram konkrete minne som han ser tilbake på med glede. Dette gjeld navngitte enkeltelevar som har gjort inntrykk på han på ulike måtar, avslutningsfestar der russen stadig imponerer med svimlende innsamla beløp til misjonen, bønne møte på onsdagsmorgonen, lukta av svette bak scenen på julefestane, ein solid og støttande administrasjon, eit engasjert personale og ikkje minst Balestrand og naturen som omkransar bygda.

## **Kva er du mest stolt over å ha fått til?**

- Eg er glad for at eg ikkje har øydelagt alt. Svaret virker kanskje litt lite nyskapande, men eg ser på meg sjølv som ein leiar som tek vare på det som

finst, og som ser dei rundt meg. Eg trur ikkje det er dei store, monumentale forandringane som har skjedd mens eg har vore leiar, men håper eg har skapt tryggleik og moglegheit for utvikling, både i skulekvardagen og for enkeltmenneska rundt meg.

Sjølv om Joakim trivst som rektor legg han ikkje skjul på at det er dagar som har vore krevjande. - Det å vere den som alltid sit med ansvaret når ting skjer kan vere utfordrande og skaper til tider litt usikkerheit. Når ein så kjem velberga gjennom ein vanskeleg situasjon og er litt visare på enkelte område, så dukker det ofte opp ein ny situasjon som må handterast på ein heilt annan måte. Ein lærer stadig noko nytt - seier Joakim og legg til at han er glad for at han har hatt eit godt medarbeidarteam å spele på lag med.

Når batteria må ladast opp igjen har Joakim fleire måtar å gjere dette på. Familien er ein av ladestasjonane, dei fire som ventar på han heime gjer at han er nødt å skifte fokus når han kjem heim. Desse krev at han er tilstades, både fysisk og psykisk. I tillegg er Joakim glad i både natur og trening, og den rekreasjonen legg Balestrand godt til rette for. Turar til Saurdalen, Raudmelen og Keipen er noko av det han kjem til å sakne. I tillegg er han avhengig av nok søvn, han fungerer dårleg når han får for få timar på puta.



## **Ein vinnarskalle**

Sjølv om Joakim er eit konkurransemennske når det gjeld idrett, ser han meir på seg sjølv som lagspelar i skulesamanheng. Det å ha gode folk rundt seg, og bruke dei ressursane som finst er viktig, det er godt å få dele på både oppturar og nedturar. Konkurranseinstinktet kjem likevel til syne til dømes når russen arrangerer misjonsløp og det gjeld å springe flest rundar med Bjørg i sykkelvogn. Han kjenner det er litt bittert å bli utklassa av yngre kollegaer, men klarer leve med det. Det er likevel ein liten siger når han klarer å slå tredjeklassingen Eskild i bordtennis. Då er livet fint!



*Heile familien Hector på Raudmelen.*

Joakim bestemte seg for å bli rektor allereie før han var ferdig med lærarutdanninga, og dette utbasunerte han til dei rundt seg. Nokre syns nok han var nok både freidig og dristig som la planar om dette så tidleg, men Joakim var overttydd om at dette skulle han klare. Under lærarutdanninga ba han difor om å få ein rektor-mentor, og ei kvin-heleg rektor i Lund tok han under sine venger og

ga han råd og rettleiing gjennom fleire år. Før han bestemte seg for å bli rektor, drøymde han om å bli økonom, slik som faren og brøren. Men etter ulike arbeidsperiodar både som personleg assistent, eittåring og ungdomsleiar vart han overttydd om at han ville heller jobbe med menneske enn med tal. Difor blei det lærareksamen og målet han hadde sett seg om å bli rektor blei oppfylt då han

blei tilsett på Sygna hausten 2011. Gleda over å ha klart det blei endå større då han fann ut at han treivst i rektorstolen. - Det er verdifullt å få vere med å sjå at menneske utviklar seg. Det er viktig å få vere med å sjå elevar som få ta nokre steg i positiv retning, kjekt å få lov å vere med i denne prosessen, seier rektor Hector.

### **Dersom du slutter å forandre deg har du gitt opp**

Rektor Hector meiner at dersom du slutter å forandre deg har du gitt opp. Ein lærer stadig nye ting, både om seg sjølv og om dei rundt seg. - Noko av det eg har lært meg av å ha to parallelle hovudoppgåver, både som rektor og familiefar, er å prioritere. Kva er det som er mest viktig til ei kvar tid? - Joakim trur at han i løpet av tida i Sogn har blitt flinkare til dette. Kva som er mest viktig til ei kvar tid vil variere, av og til må noko nedprioriterast for at andre ting skal få meir fokus. Sånn er det bare.

### **Framleis i dei beste hender**

I avslutningstalen understreka Joakim at Gud er ikkje avhengig at menneske skal tene han, men han gler seg over alle som vil, også i teneste på Sygna. «Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre. Mine kjære, har Gud elska oss så, då skyldar óg vi å elska kvarandre.» (1.Joh 4,10-11) Joakim reiser frå Sygna med full tillit til at Sygna, med elevar og personalet, er i dei beste hender, i Guds hender.

# Etiopia

Folketalet i Etiopia er om lag 100 millionar, og flatevidda er knapt tre gonger så stor som Noregs. Når ein samanliknar land, finn ein ofte Etiopia langt nede på listene. På lista over FN's levekårsindeks ligg Noreg mellom dei første, medan Etiopia held 174.-plassen. Trass dette er det òg mykje som går i rett retning, og med misjonsprosjektet ynskjer ein å medverka til positive endringar. I år står utdanning, helsearbeid, bibeloversetjing og evangelisering på dagsordenen.

- Tekst: HE.
- Foto: Morten Egeland

I eit av dei muslimske områda aust i Etiopia vil midlar frå prosjektet gå inn i arbeidet med å utvikla ein ny vidaregåande skule, særleg vil ein gi skuletilbod til jenter. I Etiopia er det over 80 språk og dermed er bibeloversetjingsarbeid eit sentralt arbeidsfelt. Noko av prosjektmidlane går difor til arbeidet med å omsetja Det nye testamente til ts'amakko. Det er om lag 20 000 som har det



*Dette er skulen aust i Etiopia Malin Gjersvik og Haakon Bleka besøkte. Malin på tredje pulttrekkje og Haakon på fjerde.*

til morsmål.

I vår vitja dei to misjonsprosjektansvarlege i tredjeklasseskullet, Malin Gjersvik og Haakon Bleka, Etiopia. Dei skriv: «I byrjinga av februar reiste me på ein spanande tur til Etiopia, og me fekk sjå noko av det arbeidet prosjektmidlane går til. Det handlar mykje mykje om helse og utdanning. I løpet av turen besøkte me ein nyoppstarta skule aust i landet. I Etiopia blir det satsa ein god del på utdanning. Derfor er det fleire nye skular som blir bygt. Og Misjonssambandet arbeider aktivt



*Malin med nokre små vener. Foto: Gjersvik*

for at denne skulen skal gi god undervising og dermed hevda seg positivt fagleg. Me sit att med mange og sterke inntrykk etter Afrika-turen. Men om kulturen, maten, skulesystemet og helsevesenet er annleis enn i Noreg, så står det ikkje i motsetnad til at det blir gjort framskritt. Og når etioparane i tillegg er så hjelpsame og imøtekomande, er det ekstra inspirerende å få vera med på eit slikt prosjekt. Såleis skjønar me begge at me har mykje å takka for her i Noreg, men også mykje å læra, òg av etioparane.»

# Misjonsprosjekt på Sygna

**Det har etterkvart blitt mange kull som har gått ut frå Sygna, og når kvart kull også er engasjert i eit misjonsprosjekt, er det mange kroner som er blitt samla inn. Det kan vera interessant å sjå meir prinsippielt på kva som kjem ut av dette.**

- Tekst: HE
- Foto: HRH

Den amerikanske sosiologen Robert Woodberry har systematisk granska slike problemstillingar. Han har undersøkt om det er nokon samanheng mellom protestantisk misjonsverksemd og demokratiutvikling. Og funna hans er tydelege: Der det har vore protestantisk misjonsverksemd, der går landet gjerne gjennom ei utvikling i demokratisk lei. Her må det skytast inn at hovudfokus for granskingane er misjonsverksemd som ligg noko attende i tid, men truleg har funna ein viss overføringsverdi til vår tid òg.

Og kva er forklaringa på dette? Ja, då må ein 500 år attende til reformatoren Martin Luther. For Luther var det viktig at den einskilde kunne lesa Bibelen på sitt eige morsmål. Difor vart det sett i gong lese- og skriveundervisning. Dette har følgd protestantisk misjonsverksemd i alle år. Me kjenner òg til at helsearbeid og sjukehusdrift ofte har vore ein viktig del av misjonsverksemda. Ved at misjonærane engasjerer seg slik, gir det grunnlag for tillit frå dei lokale.



*Sygnarussen med syn for andre enn seg sjølv.*

Når det gjeld misjonsprosjekta på Sygna, så brukar undervisning og helsearbeid å vera sentrale element. Ut frå funna til Woodberry kan Sygna-elevane med stort frimod engasjera seg i desse prosjekta, og det er all grunn til å tru at dei med det gjer ein innsats til det betre for mottakarlanda.

# Saman for Kristus

**Dette året på Sygna har gått utruleg fort, og eg kjenner meg svært takksam for alt som har skjedd. Me har fått sett elevar som ønskjer å følgja Jesus, og me har fått sjå dei veksa i trua og bli som bautaer som er grunnfesta i Jesus.**

**For meg har kanskje det sterkaste inntrykket vore den omsuta som eg ser elevane har for kvarandre. Alle vert sett og tatt vare på i flokken. Ikkje berre vert dei sett, men også bedt for.**

Kvar tysdag inviterer elevane til bønnemøte på skulen, der dei ber for sine medelevar, personalet og for bygda, og dei har eit sterkt ønskje om at alle skal ta imot Jesus som sin frelsar.

Misjonsbefalinga står sterkt på Sygna, og eg er svært takksam for det arbeidet som elevane og personalet driv saman. Eg vonar de held fram



Martin Eknes. Foto: GBB

med det gode arbeidet, vel å setja Jesus som førsteprioritet og let han styra liva - for då trur eg ein vil få oppleva kor stor Gud er!

I Josva 1,9 står det: «Eg har då sagt deg: Ver djerv og sterk! Lat deg ikkje skræma, og miss ikkje motet! For Herren din Gud er med deg i alt du tek deg føre.»

Vanskelege stunder vil koma og motstand vil ein møta, men Herren vil alltid vera der, han kan du kvila hjå, og han vil gje deg kraft og styrke for dagen. Heldt du deg nær til han, så kan ingenting rokka deg, og han vil bruka deg til å vinna nye.

## Framleis ledige plassar

Vi er allereie godt i gang med førebuing av neste skuleår. Søknaden har vore god, men vi har framleis ledige plassar. Kjenner du nokon som du trur kunne ha godt av nokre år på Sygna så må du berre oppmode dei om å søke på heimesida vår.

**Tilbodet vårt er framleis følgjande studieførebuaende utdanningsprogram:**

- Studiespesialisering
- Kunst, design og arkitektur
- Idrettsfag

**I tillegg til det yrkesfaglege løpet:**

- Vg1 Helse- og oppvekstfag, Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag og Vg3 Påbygg til generell studiekompetanse.

## Russ 2018 går for Kina

Vg3 har allerede valt prosjekt for neste år, og med 100% einigheit gjekk dei for å samle inn pengar til eit bistands- og diakoniprojekt i Stor-Kina. Det var til Kina Norsk Luthersk Misjonsambandet sende sine første misjonærer, og det er første året Sygnarusen har dette spennande området som sitt prosjekt. Målet er nå å gje hjelp til etterletne barn og barn med funksjonshemming. Meir informasjon om dette prosjektet kjem på heimesida vår etterkvart.



# Tidlegare elev vender attende til Sygna

**Ellen Smenes er ny realist på Sygna frå hausten. Det er veldig kjekt når tidlegare elevar har lyst å slutte seg til kollegiet ved skulen vår. Vi ønskjer at lesarane av sygnabladet skal få bli litt meir kjent med den nye læraren vår og difor har vi stilt henne nokre spørsmål:**

***Kva har du gjort etter at du forlét Sygna som russ i 2007?***

Eg har gått eitt år på folkehøgskule, studert fem år i Trondheim på NTNU og blitt sivilingeniør. Deretter tok eg tok PPU i Oslo. Etter studie har eg undervist i tre år ved Kvitsund gymnas (red: søsterskule til Sygna) i Telemark.

***Kva er grunnen til at du no vil kome attende til Balestrand?***

Det er mange grunnar til det. Blant anna at eg saknar Vestlandet og har lyst til å gjere noko nytt.

***Kva gleder du deg mest til?***

Det er ikkje ein einskild ting eg gleder med mest til. Eg gler meg til å kunne sjå Sognefjorden att og til å bli kjend med elevar og personale ved Sygna. I tillegg ser eg fram til nye utfordringar og til å bli kjend med Balestrand.

***Er det noko du hugsar spesielt frå sygnatida som du vil dele med lesarane?***

Eg minnst godt at Sygna var ein skule der personalet hadde ekstraordinær omsorg for alle elevane, og at skulen som heilskap alltid stod klar til å strekke seg og tilpasse for einiskildel-  
evar som hadde behov for det.

Vi gler oss til du kjem i august, Ellen. Du er hjarteleg velkommen!

● Tekst: BAa



Ellen Smenes

## Elevstemne 23.-25. juni

Er du 5, 10, 20, 25 eller 30-årsjubilar i år? Då hadde det vore kjekt viss du la turen til Balestrand og Sygna denne helga. Der kan du få treffe igjen medelevar og personale frå tida du gjekk her, mimre litt, gå deg ein tur til Orrabenken, snuse inn internatlufta og få med deg ein fabelaktig festmiddag laurdag kveld. Gå inn på heimesida vår (sygna.vgs – tidlegare elev-elevstemnet 2017) og meld deg på innan 1. juni, og send gjerne ei påminning til dei du gjekk ilag med og oppfordre dei til å gjere det same. Dao sjaoast mi!

## ■ Kvar vart dei av?

*Olav Tolo, russ 1996*

**I dag har alle eigen mobil og klasseromma har fått eit nytt møbel: Mobilhotell, eller mobilfengsel, som elevane liker å kalle det.**

**Olav Tolo var truleg den første eleven ved Sygna som fekk sin eigen mobiltelefon. Han gjekk Allmennfag på Sygna og var russ i 1996. Medelevar og personale var imponerte over den lille mobile dingsen som skulle kome til å revolusjonere kvar-dagen vår.**

● Tekst: BAA

### ***Kan du hugse korleis interessa di for mobilar vaks fram?***

Noko kan nok skuldast NetCom GSM. Dei kunne tilby ein telefon til òi krone og var dei einaste med mobildekking i Balestrand. Eg blei nok meir sett på som ein "soss" enn som ein pioner på den tida.

### ***Korleis er forholdet ditt til mobilar i dag?***

Etter militæret og sosionomutdanning på Høgskolen i Oslo, bestemte eg meg for å ta tre nye år med datateknologi og programmering som fag. Etter denne utdanninga fekk eg jobb i det som heitte Politiets datakripsenter. Avdelingar har bytta namn og er nå ein del

av Kripos. Her har eg jobba sidan 2003, og det var her interessa for mobiltelefonar blomstra opp igjen. I dag jobbar eg med digital kriminalteknikk på mobiltelefonar, og er blitt spesialist på fagområdet. Jobben går stort sett ut på å hente ut informasjon fra mobiltelefonar som er beslag i straffesaker.

Mobiltelefonane har blitt langt meir avanserte sidan eg gikk på Sygna, og har også blitt ein større del av folk sine liv (vaksne menn gret når mobiltelefonen vert teken frå dei). I stor grad handlar jobben min om å gjenskape hendingar i det verkelege rom, med hjelp av spor frå det digitale rom.

### ***Kva har elles skjedd i livet ditt etter Sygnatida?***

I 1998 gifta eg meg med Inga Kristin Namsvatn, som også gjekk på Sygna. Vi bur nå på Langhus i Ski kommune og har fått tre jenter som nå er 7, 11 og 14 år som kanskje vert sygnaelevar etter kvart.



Vi takkar for eit glimt inn i ein spanande kvardag og ønskjer Olav og familien lukke til vidare.

## **Framleis på rektorjakt**

Joakim Hector hadde sin siste arbeidsdag på Sygna 31. mars. Frå den tid har Frode Bøthun vore konstituert rektor, og han vil halde fram med dette fram til 1. august. Vi er stadig på leit etter ny rektor, så veit du om aktuelle kandidatar er det flott om du tipsar oss på rektor@sygna.vgs.no

# Ein pionér pensjonerer seg

**Det er vanskeleg å sjå for seg Sygna utan Ole Johan Olsen, men når han no snart blir pensjonist, må vi nok venje oss til å sjå mindre til han.**

● Tekst og foto: LF

Den alltid hjelpsame og hyggelege helgelendingen har vore med i heile Sygna si levetid, og vel så det. Han kom hit allereie i september 1980, og var med å gjere bygga klare til å ta imot dei aller første elevane hausten 1981, og han har vore sentral i både bygging, vedlikehald og dagleg drift. Han sit ikkje mykje i ro, for det er nok å henge fingrane i.

Ole Johan er ein allsidig og hendig kar, og låg ikkje på latsida før han kom hit heller. Mange vintrar på Lofotfiske, husbygging, matrosjobb på Elieser 4 (Den Indre Sjømannsmisjonen), styrarjobb på Gry, leirstaden til NLM på Helgeland, og vaktmeisterjobb på Fjellhaug sørga for mykje nyttig erfaring å ha med seg inn i arbeidet på Sygna.

Her på Sygna har han trivest godt med det aller meste, sjølv om han gjerne skulle ha vore forutan både nattlege brannalarmer og fulle septiktankar. Han er særleg glad for alle dei kjekke ungdomane han har fått møte her, og som han synst det er kjekt å sjå att både i misjonsblad og i andre samanhengar.

Vi vil takke Ole Johan for det han har betydd for alle oss på Sygna i desse 37 åra, og ønske han lukke til i pensjonisttilværet, der han visst har nye vaktmeisteroppdrag å ta tak i.



# Oppgradering av miljøkontoret

Veggane på miljøkontoret har lenge vore ganske kjedelige og miljøteamet ønskte seg kunst på veggane og 1KDA og 2SF tok utfordringa!

- Tekst og foto: MÅR/GBB

Læreplanen krev blant anna kompetanse i fargesamansetning. Klassane har elles fått frie tøyler og har sjølve utforma skisser og utført dei ferdige kunstverka. Begge klassane har tatt utgangspunkt i kristne symbol.

1KDA har nytta svampeteknikk til å gje liv til ei stor due på eine vegg. 2SF har valt krossen som motiv og er hakket meir ambisiøse i teknikkval. Dei prøver både å etterlikne



glassmålerieffekten og nyttar anamorfisk teknikk som har som mål å skape ein tredimensjonal effekt, sett frå riktig vinkel.

Resultatet blei veldig bra, og både elevane, miljøarbeidarane og alle som stikk innom miljøkontoret kan gle seg over dei flotte veggmåleria.

